

Veke: 14

TID	MÅNDAG	TYS DAG	ONSDAG	TORS DAG	FREDAG
08.30 - 09.15	Samf	Engelsk	Mat og helse	Tysk	Engelsk
09.15 - 10.00	Naturfag	Samf	Mat og helse	Tysk	Matte
10.20 - 11.15	Matte	UV	Mat og helse	Norsk	Naturfag
11.50 - 12.35	Norsk	Norsk	KRØ	Naturfag	Valfag
12.35 - 13.20	Norsk	Musikk	Engelsk	KRØ	Valfag
13.40 - 14.25	Tysk/arb. fag	KRLE	Matte	KRLE	Valfag

INFORMASJON:**Kontaktlærartime: Onsdag 11.50 - 12.35**

Vi held fram med arbeidsplan slik som førre veke. Det kan sjå mykje ut, men mykje av det som står her er forklaringar til korleis arbeidet skal utførast. Les godt på planen når dei ulike oppgåvene skal vere ferdige. Hald fram med å ta kontakt om det skal vere noko.

Vi startar framleis med eit “GOD MORGON” i teams. Hugs å svare på denne.

Kvar morgon bør du lage deg ein plan for kva du vil jobbe med denne dagen. Hugs å ta pausar og hugs å send ei melding eller ha eit nettmøte med ein klassekompis!

Lukke til med nok ei annleis veke!!! Eg er stolt av innsatsen de la ned førre veke. Stå på denne veka og!!

PALS

Vis respekt, ta ansvar og vis omsorg!

ARBEIDSPLAN

Faglege mål:

Lekser:

Matte		Måndag 30.03 – gjer oppgåve 46 – 51 s.170-171 Onsdag 01.04 – gjer oppgåve 52 – 57 s. 171-172 Fredag 03.04 – gjer test deg sjølv (oppg 1-10) s.176-177 Ta eit bilete av oppgåvene når du er ferdig og send på chat
Norsk	Mål: Arbeid med skrivetrening. Motta respons, arbeide vidare med teksten ut frå responsen og ferdigstill den.	Denne veka skal du jobbe med ei skriveoppgåve i norsk. Oppgåva ligg på teams, elevkull 2005, norskmappa, og er merka " <i>Skriveoppgåver Korona 9. klasse</i> ". <i>Du skal skrive ein samanhengande tekst, og teksten skal byggast opp med innleiing, hovuddel og avslutning.</i> Innan onsdag klokka 14.30: Vel ei av oppgåvene og skriv eit førsteutkast. Du skriv i word og lagrar i norskmappa. Eg gir dykk tilbakemelding på skrivearbeidet. Les responsen og skriv ferdig teksten innan fredag 14.30. Teksten skal vere på omlag 1- 1½ side. Innan fredag: Lever den ferdige teksten i norskmappa i one drive. Du får vurdering med karakter.

Engelsk	“Fight for your rights” The Suffragette Movement, Segregation and Rosa Parks, Martin Luther King.	Individual project! Oppgåveteksten ligg under oppgåver - “Fight for your rights”. <table border="1" data-bbox="592 293 1533 667"> <tr> <td data-bbox="592 293 1066 499"> Emmeline Pankhurst and the Suffragette Movement: Andreas Hi. Andreas H.D. Louise Synne </td> <td data-bbox="1066 293 1533 499"> Rosa Parks: Linnea Oda Bertine Amalie Bård Inge </td> </tr> <tr> <td data-bbox="592 499 1066 667"> Martin Luther King jr. Mathilde Kristine Iver Jarand Håvard </td> <td data-bbox="1066 499 1533 667"> Nelson Mandela: Ingar Daniel E. Daniel F. </td> </tr> </table> Er det noko dykk lurar på, så send melding i chat til meg på Teams! - Eva	Emmeline Pankhurst and the Suffragette Movement: Andreas Hi. Andreas H.D. Louise Synne	Rosa Parks: Linnea Oda Bertine Amalie Bård Inge	Martin Luther King jr. Mathilde Kristine Iver Jarand Håvard	Nelson Mandela: Ingar Daniel E. Daniel F.
Emmeline Pankhurst and the Suffragette Movement: Andreas Hi. Andreas H.D. Louise Synne	Rosa Parks: Linnea Oda Bertine Amalie Bård Inge					
Martin Luther King jr. Mathilde Kristine Iver Jarand Håvard	Nelson Mandela: Ingar Daniel E. Daniel F.					
Samfunnsfag	Vatnet sitt krinslaup	<ul style="list-style-type: none"> • Les s. 29-30 i geografiboka. Det du les om på s. 30 er ein del av krinslaupet til vatnet. • Noter ned fagorda med forklaring i eit word-dokument kalla <i>Krinslaupet til vatnet</i>: - fordampar - kondensere • Sjå filmen (ca 5min): https://www.nrk.no/skole/?page=search&q=vann%20blir%20til%20is&mediald=21132 • Teikn og forklar krinslaupet til vatnet. Legg det inn i dokumentet ditt <i>krinslaupet til vatnet</i>. • Svar på eit av desse spørsmåla i same dokument: - Kvifor er vatn så viktig? - Skriv om forureining av vatn <p>Lever i oppgåver på teams seinast fredag 3. april</p>				
KRLE	Jødedommen: -kunne gi ei oversikt over mangfaldet i jødedommen -kunne gi ei oversikt over viktige historiske hendingar i jødedommen -kunne fortelje om jødisk arkitektur -kjenne til jødedom i Noreg	<ul style="list-style-type: none"> • Sjå på teikninga av synagogen og les s. 122-123 • Les om jødisk arkitektur s. 124 • Gjer oppgåve 1 A+B og 3A s. 125 <p>Oppgåvene skal skrivast i eit word-dokument, og lagrast i KRLE-mappa i OneDrive innan TORSDAG 2. april!</p>				
Naturfag		Tema – veke! Til torsdag 02.04 Corona / Covid-19 Denne veka skal de lære meir om corona viruset og om kva eg og du kan gjere for å hindre smitte. Du skal denne veka lage eit informasjonsskriv for Noreg si befolkning. (Ca 300 ord).				

		Innlevering: send ferdig informasjonsskriv til BA på chat i Teams eller messenger.
Tysk	Lektjon 6: Deutsch überall? -kunne kommunisere om Tyskland, Austerrike, Sveits og Liechtenstein -kjenne til ein del nøkkelopplysningar om dei fire tysktalande landa -kunne plassere kjende stader i Tyskland på kartet	<u>Tyskpresentasjonar i gruppe.</u> Tidspunkt: Måndag 13.30 – 14.25 Torsdag 08.45 – 10.00 Eg legger ut i tysk-chatgruppa kven som skal vere klare når. Eg håpar alle har sett på tilbakemeldingane som eg har lagt ved lysarka i OneDrive. Hugs å øve!!!
Arbeidslivsfag		Til Fredag: Du skal lage ei skisse og ei ferdig planteikning av rommet ditt. Oppgåva finn du i arbeidslivsfag sitt team under filer -> undervisningsmateriell -> planteikning av rommet mitt del 1. Les nøye gjennom. Leverast i oppgåver seinast fredag 3. april
Musikk	Mål: Å diskutere og beskrive musikalske stiltrekk frå rytmisk musikk. Å kjenne att og kunne namn på forskjellige instrument og ensemble innanfor ulike sjangrar.	I løpet av veka skal de jobbe minst ei økt med oppgåva nedanfor. Oppgåva ligg på Teams og skal leverast seinast torsdag 2. april (Teams, oppgåver) . NB! Del musikkmappa med meg eller send på e-post slik at eg kan gi dykk tilbakemelding på arbeidet i løpet av veka. Hugs å skrive med heile setningar, ikkje stikkord. Ta kontakt viss de ikkje finn oppgåva, eller får utfordringar knytt til innlevering. <u>Individuell oppgåve med karakter:</u> Sjå Teams, Elevkull 2005, "Musikk", "Individuell oppgåve-instrumentgrupper og lytting". Vurderinga vert gitt på grunnlag av innhaldet i den skriftlege innleveringa.
Mat og helse	Vurdere og velge matvarer på et mangfoldig varemarked når man planlegger innkjøp Drøfte hvordan ulike markedsføringsmetoder kan påvirke valg av matvarer som forbrukerne gir Utvikle, produsere, gi produktinformasjon	REKLAME Denne veka skal de setje dykk inn i reklameverden. Korleis påverkar reklamen oss? Kvifor er det så viktig for bedriftene å lage gode reklamar? Korleis verkemiddel er viktige i reklamen? Innlevering fredag 03.04 Oppgåveark, med teori og info finn du på HBUS elevkull -> filer -> mat og helse -> LOCKDOWN REKLAME Kort felles gjennomgang av oppgåva måndag 30.03.20 kl 09:30 Innlevering: Lag eit dokument i mat og helse mappa di i OneDrive som du kallar reklame OPPGÅVER (DU SKAL SVARE PÅ ALLE OPPGÅVENE) 1. Finn ein matvarereklame frå ei avis/vekeblad/nettavis og diskuter

	<p>n og reklamere for et produkt</p> <p>Vurdere og velge varer ut fra etiske og bærekraftig kriterium</p>	<p>bodskapen i reklamen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kva handlar reklamen om? - Kva er budskapet? - Kven er målgruppa? - Korleis verkemiddel vert brukt for at me skal hugse reklamen? - Er dette ein bra eller mindre bra reklame? - NB! Legg ved bilete/link til reklamen <p>2. Kvifor trur du bedrifter brukar så mykje pengar på reklame? Kva er viktig å tenkje på når ein skal marknadsføre eit nytt produkt?</p> <p>3. Sjå for deg at du skal lage eit produkt og ei nettannonse for ei ny matvare som skal bidra til ein meir bærekraftig kvardag.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kva skal produktet vera? - Kven er målgruppa? - Kva skal budskapet vera, og kvifor skal målgruppa kjøpe produktet? <p>Lag skisse til ei nettannonse (anten på papir, eller digitalt)</p> <p>4. Lag ein kort reklamefilm, eller eit kort lesarinnlegg, der du fordrar og inspirerer til eit meir miljøvennlig og bærekraftig kosthold.</p>
Kroppsøving	<p>Eigenaktivitet</p> <p>løping/tur og styrketrening heime</p>	<p>Det er viktig med fysisk aktivitet!</p> <p>Me gymlærarane håpar at de held dykk aktive i heimeskuleperioden</p> <p>Denne veka skal de:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Gå/jogg ein tur på 30-45 minutt 2. Gym med funkytwins vol 2 (youtube): https://www.youtube.com/watch?v=ynacTO-6xFU 3. Tren sammen med funkyfam 30 minutters økt (youtube): https://www.youtube.com/watch?v=ynacTO-6xFU <p>Det vert også ein felles gymtime for heile trinnet via Teams. Følg med på tid og dato</p> <p>Etter kvar økt skal dykk ta ein selfie av dykk sjølve i aktivitet, og sende på chat til Helge M i Teams. Har dykk også treningsapp, så ta gjerne screenshot av gjennomført økt. Lykke til!</p>
Utdanningsvalg	<p>Gjere seg betre kjend med ulike utdanningsvegar i vidaregåande skule</p> <p>Gjere seg kjend med ein arbeidsplass</p>	<p>Logg vgs og hospitering:</p> <p>I løpet av veka skal loggen vere frå hospiteringa på vgs og jobbskugginga vere ferdig. Eg har utvida tida fordi ein del av dykk ikkje fekk gjort det ferdig innan fristen. Vanskar med å komme inn osv. No ligg alt til rette for ferdigstilling og levering til fredag.</p>
Fysisk aktivitet og helse		<p>Todelt oppgåve: Du skal førebu deg til tur ved å søke opp to stjernebilete på internett og lære deg korleis ser ut. Til døme Karlsvogna, Veslebjørn eller</p>

		<p>Storebjørn.</p> <p>Plukk deg ut ein kveld der det er klar himmel. Reis ut å sjå om du finner desse to. Ta bilde av at du er på tur og send til meg i chat, der du skriv kva slags stjernebilete du leita etter og om du fant dei. Dei som ynskjer kan gjerne utvide det med bålbreining :)</p>
Programmering		<p>Innlevering:</p> <p>1) Lag kode i Minecraft Education Edition som bygger et eller annet, og send koden til Martin (evt lim inn i loggen og si ifra). Jeg kan da bruke kodene dere sender til å lage en utstilling.</p> <p>2) Lag et spill eller animasjon i Scratch og del.</p> <p>Dere skal ha gjort <u>minst én av disse</u> innen fredag 3. april klokka 14.30.</p> <p>Mer informasjon om oppgavene ligger på Teams: HBUS Programmering.</p>